

# Oppsummering av Høyringskonferanse om Nasjonal transportplan og Regional transportplan på Skei 29. april

Sogn og Fjordane fylkeskommune arrangerte høyringskonferanse om Nasjonal transportplan (NTP) og Regional transportplan (RTP) på Skei 29 april. Blant innleiarane var vegdirektør i Statens vegvesen, Terje Moe Gustavsen, og regionvegsjef i Region vest, Helge Eidsnes. Det var godt oppmøte, mellom anna var det representasjon frå 23 av kommunane i fylket.

## **Statens vegvesen v/Gustavsen og Eidsnes**

Hovudbodskap frå grunnlagsdokumentet

- Klimastrategi med halvering av utslipp frå transport innan 2030
- Sikre optimal standard med satsing på drift og vedlikehald av eksisterande infrastruktur før investeringar
- Store bindingar frå pågående prosjekt gir avgrensa plass til nye prosjekt dei første åra
- Fortsatt stor satsing på transportsikkerheit
- Oppdraget frå Samferdsledepartementet:
  - Stor vekt på samfunnsøkonomisk nytte
  - Utgreie og rangere prosjekt basert på – Netto nytte pr. budsjettkrone og juster for omsyn til m.a. samfunnstryggleik og beredskap og samanhengande utbygging.

Det vart synt til følgjande delutgreiingar som er viktige for Sogn og Fjordane

- Grunnlag for klimastrategi
- Fagleg grunnlag for motorvegplan
- Utviklingsstrategi for ferjefri E39

Når det gjeld fylkesvegar vart det synt til at drift og vedlikehald er underfinansiert med 1,5 – 2 mrd. kroner på landsbasis. Omklassifisering av fylkesvegar til riksvegar har stort sett ikkje vore ønskja frå fylkeskommunane.

I diskusjonsrunden etter denne presentasjonen vart ein innom tema som:

- Ferjefri E39 og framdrift: Dette er teknisk og planmessig mogleg å gjennomføre, men vil vere krevjande å finansiere. Hovuddelen av prosjekta er i Rogaland og Hordaland grunna rangering etter samfunnsnytte. Nokre rassikringsprosjekt i Sogn og Fjordane.
- Vikafjellstunnelen: Prosjektet er ut av grunnlagsdokumentet.
- Kystvegen: Peika på som eit viktig prosjekt. Omklassifisering til riksveg vart drøfta. Prosjektet er ikkje vurdert i NTP då dette er eit fylkesvegprosjekt. Det er uvisst om prosjektet kan realiserast raskare som eit riksvegprosjekt.
- Aust-vest samband: Samla oppslutning om Hemsedal.
- Stad skipstunnel: Prosjekt må gjennomførast.

LO Sogn og Fjordane, NLF Sogn og Fjordane, NAF Sogn og Fjordane og Nasjonal rassikringsgruppe presenterte sine forventninga til Nasjonal transportplan.

Desse organisasjonane la alle vekt på behovet for eit trygt og effektiv transportnett. Det må satsast meir på drift og vedlikehald og reduksjon i forfall. Dei peika også på stort behov for rassikring. Ramma til rassikring må aukast for å nå mål om at alle vegar skal vere sikre mot skred innan 2030. Av viktige prosjekt vart det peikt på E39 som hovudfokus. Andre prioriteringar som vart nemnde var Strynefjellet, Stad skipstunnel og Kystvegen. Alle tok som utgangspunkt minimum «høg ramme» i grunnlagsdokumentet.

I siste del av høyringskonferansen vart det orientert om skredsikringsbehov på riks og fylkesvegar og rehabilitering av tunnelar i Sogn og Fjordane.

Avslutningsvis var bodskapet at «Sogn og Fjordane må prioritere prosjekta våre sjølv – viss ikkje gjer andre det for oss».